



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
172/23	Formannskapet	19.10.2023
	Kommunestyret	

Høyringsuttale konsesjonssøknad Bergselva Bygstad kraft AS

Vedtak i Formannskapet 19.10.2023:

Sunnfjord kommune tilrår at Bergselva Bygstad kraft AS får konsesjon etter vassressurslova til å nytte vassfallet i Bergselva for å byggje Bergselva kraftverk, med følgende tillegg:

- Dersom kommuneveg, parkeringa/innkøyrsløp på Sele vert påverka av røyrgata, er det ein føresetnad at dei vert opparbeidd i same stand som før.
- Om turparkeringa vert påverka i anleggsperioden, må det sikrast anna parkering i nærleiken.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing/vurdering og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Kommunen ser at konsesjonssøknaden på nokre områder har manglande detaljar. Vi legg til grunn at ein detaljplan for utbygginga vil gje gode svar. Om konsesjon vert gjeve, skal Sunnfjord kommunen ha detaljplanen til uttale/vurdering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune tilrår at Bergselva Bygstad kraft AS får konsesjon etter vassressurslova til å nytte vassfallet i Bergselva for å byggje Bergselva kraftverk.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing/vurdering og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Kommunen ser at konsesjonssøknaden på nokre områder har manglande detaljar. Vi legg til grunn at ein detaljplan for utbygginga vil gje gode svar. Om konsesjon vert gjeve, skal Sunnfjord kommunen ha detaljplanen til uttale/vurdering.

Bakgrunn for saka

NVE har mottatt søknad frå Bergselva Bygstad kraft AS om løyve etter vassressurslova til å nytte vassfallet i Bergselva for å byggje Bergselva kraftverk. Det er også søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Bergselva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline. Tiltakshavar søker om anleggskonsesjon for 500 meter jordkabel til tilknytingspunkt mot BKK Nett.

Søknaden er no sendt på høyring til parter, deriblant Sunnfjord kommune. Høyringsfrist er 21.10.2023.

Saksutgreiing

Kommunedirektøren har ei positiv haldning til at lokale vassressursar kan nyttast til fornybar energi ved småkraftutbygging. Ein viktig føresetnad vil vere at grunneigar/ fallrettseigarane sine interesser er ivaretekne på ein god måte gjennom avtaler som er inngått. Det må gjerast ei heilskapleg vurdering av om fordelane ved utbygginga er større enn ulempene for lokalsamfunnet, ålmenta og andre samfunnsinteresser.


Kraftverket er planlagt i område som i kommuneplanen sin arealdel er sett av til Landbruk-natur og friluftsområde (LNF). Det vil produsere energi for vidaresal, og er difor ikkje i samsvar med LNF-formålet. Bygging krev såleis dispensasjon frå gjeldande arealplan.



Kortfatta presentasjon av søknad:

Tekst og illustrasjonar er henta frå søknad. Kommunedirektøren syner til vedlegg for nærmare innsyn og detaljar:

Bergselva Bygstad kraft AS (BBK) er eit lokalt småkraftinitiativ og samarbeid mellom selskapet og grunn- og fallrettseigarane i og ved elva. Selskapet er etablert i Sunnfjord kommune for å produsere fornybar energi ved bruk av store del av eksisterande infrastruktur og tilpassa verdiane i vassdraget og i området rundt.

BBK har inngått avtale med grunneigarane i Bergselva om leige av fall og grunn i Bergselva i Sunnfjord kommune for å utnytte eit fall frå inntaket på ca. kote 470 til kraftstasjon på ca. kote 124 med hensikt å produsere rein, fornybar energi slik det «grøne skifte» vil krevje meir av. Prosjektet vil i tillegg gje samfunnsmessige føremonn gjennom verdiskaping og inntekter til utbyggjar, grunneigarar, lokalsamfunnet og Sunnfjord kommune. Tiltaket er ikkje tidlegare vurdert etter vassressurslova.





Figur 7. Oversiktsbilde som viser landskap og terreng langs den aktuelle elvestrekninga.

Samandrag frå søknad:

Bergselva Bygstad Kraft AS har søkt om konsesjon for bygging og drift av eit småkraftverk i Bergselva i Sunnfjord kommune. Planlagt inntak vil liggje ca. 650 meter nedanfor Bergsvatnet, og like ved samløpet mellom bekken «Gytten» som kjem inn fra nord og Bergselva på kote 470. Her blir det etablert ein liten betongdam. Frå inntaket er det planlagt å leggje eit ca. 1795 m langt nedgrave røyr ned til kraftstasjon på kote 124. Det er planlagt å

nytte eit GRP-rør med diameter 800 mm. Det er 2 ulike alternativ for kraftstasjonsplassering. Begge ligg med kotehøgde 124 og installert effekt på 2,54 MW på andre side av Selselva kraftverk.

Samandrag frå miljøkartlegginga (Multiconsult): *I henhold til NGUs berggrunnskart består øvre del av nedbørfeltet av konglomerat/sedimentær breksje. Konglomeraten inneholder vanligvis mye kvarts og sand, noe som gir næringsfattig jord og artsfattige vegetasjonstyper. I bratthenget under Kvamshesten er det et belte med grønnstein og amfibolitt. Denne bergarten forvitrer ganske lett og frigir mer næringsstoff til plantene. I midtre og nedre del av tiltaksområdet består berggrunnen av diorittisk til granittisk gneis med belter av metasandstein. Disse bergartene gir vanligvis opphav til relativt fattig vegetasjon, noe som også samsvarer godt med egne registreringer i området.*

Det er ingen verneområder eller båndlagte naturområder innenfor tiltakets influensområde. Det nærmeste verneområdet, Osen naturreservat, ligger ca. 3,6 km sørøst for planlagt kraftstasjonsområde. Det er heller ingen verna vassdrag i influensområdet, men nedbørfeltet til Bergselva grenser opp mot Storelva (Laukeland) i vest, som ble vernet gjennom Verneplan III for vassdrag (1986). Tiltaksområdet vurderes derfor å være uten betydning mtp. naturvern. I forbindelse med feltarbeidet på naturmangfold i september 2021 ble det registrert i alt fem naturtypelokaliteter etter Miljødirektoratets instruks innenfor influensområdet; ett fossepåvirket berg (stor verdi), ei slåttemark (svært stor verdi), ei naturbeitemark (stor verdi) og to hule eiker (svært stor verdi). Både slåttemark og hul eik er utvalgte naturtyper. I tillegg ble det kartlagt to naturtypelokaliteter etter DNhåndbok 13, nærmere bestemt to store gamle trær av selje (noe verdi). Kongeørn hekker trolig i nærområdet. Store deler av plan- og influensområdet forøvrig består av såkalt hverdagsnatur, dvs. natur uten spesielt viktige artsforekomster. Etter verdissettingskriteriene i V712 får disse arealene noe verdi. Bergselva vurderes også å ha noe verdi som landskapsøkologisk funksjonsområde i henhold til kriteriene i V712. Arealene langs vassdraget er leveområde for mange arter og fungerer som forflytnings- og spredningskorridor.

Det er ingen registrerte forekomster av geotoper i influensområdet. Kvamshesten er et ruvende landemerke som omgis av et fjellområde bestående av devonske sandsteiner og konglomerater. Dette fjellområdet vurderes å ha stor verdi som geosted. Fraføring av vann til kraftproduksjon vil påvirke naturtypen fossepåvirket berg gjennom redusert omfang av fosseregn/fossesprøyt. Dette forventes å føre til en gradvis gjengroing av de fossepåvirkete bergene med lave lauvkratt mv. Konsekvensen er vurdert som middels negativ. Bergselva sin funksjon som økologisk funksjonsområde for fisk og bunndyr, samt som landskapsøkologisk funksjonsområde (vandrings-/spredningskorridor) for andre arter, vil også bli noe svekket ved en utbygging. Konsekvensen her er vurdert som noe negativ. Basert på dette er den samlede konsekvens av det planlagte småkraftverket vurdert som noe til middels negativ.

Utbygginga vil gje ein middelproduksjon på 6,5 GWh/år, noko som svarar til det årlege forbruket til ca. 400 husstandar. Utbyggjar legg opp til ei minstevassføring på 50 l/s i sommarhalvåret og 40 l/s i vinterhalvåret, noko som svarar til 5-persentil verdiane ved inntaket. Det blir lagt opp til å nytte eksisterande infrastruktur som skogsvegar, landbruksvegar, riggområde/velteplass og nettanlegg som alt er etablert i same prosjektområde. Såleis vil ikkje prosjektet medføre store nye inngrep i området frå i dag i midtre og nedre del. Prosjektet har også inngått samarbeid med Sunnfjord kommune for å leggje til rette for at elva blir ei reservevassløyising for vassverket i Bygstad. Dette vil bli ei positiv endring for vassverksabonnentane i Bygstad.

Vurdering

Kommunedirektøren meiner konsesjonssøknaden med rapport/kartlegging av naturmangfald skildrar dei faktiske tilhøva godt. Det er likevel nokre tilhøve i søknaden som må ha merksemd. Det gjeld naturmangfald, friluftsliv, ny veg til inntak og øvre del av røyrgate. Vidare at kommunen har eigen interesse i ei eventuell utbygging.

Naturmangfald:

Miljørapport konkluderar med at planområdet/utbyggingsområdet har middels verdi for naturmangfald. Vidare at utbygginga si innverknad på naturmangfald samla vil vere noko til middels negativ.

Av funn i rapport om naturmangfald med høg verdi, er det slik at gamle tre/ hule eiker og gamal selje, samt naturbeitemark og slåttemark ikkje blir negativt påverka av ei utbygging.

Fossepåvirka berg og fosseberg er den naturtypen som vert mest negativt påverka ved ei utbygging. Samla belastning for denne naturtypen er stor og har vore det over tid i Norge, kanskje også spesielt på vestlandet. Auka minstevassføring og/eller flytting av inntak, er i rapporten vurdert som det einaste moglege avbøtande tiltaket for fossepåverka berg og fosseberg. Sjølv om årsmiddelvassføring er låg og kostnad med utbygging er høg, ber Kommunedirektøren NVE om å vurdere om det er grunnlag for eit krav om auka minstevassføring i heile eller delar av året.

Kongeørn hekkar truleg i nærleiken av området. Kommunedirektøren støttar tilrådinga om at støyande aktivitet (sprenging) vert utført utanom hekkesesong.

Friluftsliv:

Område Bergsheia er kartlagt som eitt viktig friluftslivsområde med B-verdi (jf. [fakata](#)rk), med middels bruksfrekvens. Opplevingskvalitetetar er definert som ganske mange og symbolverdien som stor. Området er ganske godt tilrettelagt.

Det går T-merka sti frå Sele til Bergsheia. Stien startar ved parkeringa på Sele, og planlagt røyrgate trase vil samanfalle med tur-ruta frå parkeringsplassen i ca. 20-30 meter . Det ser ut som røyrkata skal leggjast gjennom innkjørsla/parkeringsarealet til tur-parkeringsplassen som vart opparbeida i 2021. Stien går vidare opp på vestsida av elva, medan røyrkata er planlagt på austsida. Stien vil såleis verte lite påverka av sjølve røyrkata, men visuelt vil inngrepet vera synleg frå stien fleire plassar.

Skjermafossen er godt synleg frå stien, og dette er omtala under brukarinteresser. Stien går tett på område der inntaksdammen skal etablerast, at stien går tett på inntaksdammen er ikkje omtala under brukarinteresser. Dammen skal vere kring 4 meter høg, og volum skal avgrensast til kring 300 m³. Det er ingen illustrasjonar av inntaksdammen i søknaden, som syner kva som blir oppdemma.

Kommunedirektøren ser at brukarinteressa friluftsliv vil bli påverka av ei utbygging. Dette vil gjere seg spesielt gjeldande i ei anleggsfase. I ei driftsfase vil arrondering/attendeføring av terreng og utforminga av inntaket vere avgjerande for korleis området vert opplevd. Dersom parkeringa/innkjørsla på Sele vert påverka av røyrkata, må det vere ein førsetnad at denne opparbeidast i same stand som før. Dersom annleggsarbeidet kjem i konflikt med sti/rute, bør det også merkast alternativ rute i annleggsperioden.

Ny annleggsveg til inntak og øvre del av røyrkata:

Det er opplyst om at det er behov for å byggje 550 m ny annleggsveg opp til inntaksområdet. Etter anleggsperioden er planen at denne vegen bli nedgradert til køyresterkt terreng. Formålet er at den skal vere hjelpeanlegg for kraftverket. Grunneigarane ynskjer også videreføring av veg oppover med tanke på uttak av skog og jakt. For røyrkata er det opplyst at denne skal gravast ned på heile strekninga.

Slik kommunedirektøren oppfattar området frå inntak og ned til der annleggsveg og røyrgate møter eksisterande skogsbilveg, så er terrenget her det som er mest krevjande knytt til utbygginga. Det er truleg også det mest visuelt sårbare. Delar av området er grunnlendt. I øvre del, ved inntaket, er det ein god del fjell/berg synleg i dagen.

Det er ingen informasjon i søknaden om i kva omfang det må sprengast for å etablere grøft for røyrkata eller for bygging av anleggsvegen. Det er opplyst om at annleggsbreidda her oppe vil bli på kring 25 m.

Det viktigaste vil også her vere korleis området står fram i driftsfasen. Røyrsgata og veg vil bli synlege sjølv med revegetering. Tilbakeføring av opphavleg terreng så langt det let seg gjere og revegetering med stadeigen bakkevegetasjon vil vere særskild viktig.

Det er ei viss landbruksinteresse i første del av vegen. Dei siste 200 metrane må reknast som hjelpeanlegg for kraftverket (tilkomst for tilsyn, vedlikehald av inntak m.m.) Kommunedirektøren ser at det kan vere behov for tilkomst opp lia også i ei driftsfase, men er usikker på kva ein legg i nedgradering av veg til køyresterkt terreng. Skogsbilvegen som er bygd vil med rett driftsmetode dekke det meste av skogen i området. Tilkomst vidare knytt til landbruk krev ein enkel standard for lett utstyr. Vegen bør attendeførast til eit minimum (traktor og ATV), den bør også få gro til. Annleggsvegen byrjar ut frå ein skogsbilveg som pr. i dag er open for motorferdsel. Av omsyn til landskap, friluftsliv , dyreliv og spesielt Kongeørn, bør ein eventuelt permanent tilkomstveg vidare opp lia vere fysisk sperra for anna bruk enn landbruksverksemd og vedlikehald av kraftanlegg.

Avtale med kommunen om reservevassløyising:

Som det kjem fram av søknaden, så er det inngått ei avtale/samarbeid mellom BBK AS og Sunnfjord kommune om å lage ei reservevassløyising for vassverket i Bygstad i kombinasjon med kraftverket. Kommunedirektøren finn det rett å gjere merksam på at kommunen såleis har ei eiga interesse i at BBK får konsesjon.

Utfordring knytt til kommunal veg

Tilkomst til anleggsområdet/kraftverket vil vere kommunal veg, Brekka, med bruksklasse BK(32 tonn. Kommunedirektøren er ikkje kjend med om det vil vere ei utfordring for anleggsdrifta (eller eventuelt driftsfasen) at vegen ikkje har høgare bruksklasse. I den grad det skulle vere tilfelle kan det vere ønskjeleg med vilkår om at kraftverket medverkar økonomisk til utbetring og oppklassifisering av vegen i samband med ei eventuell utbygging av vegen.

Konklusjon:

Kommunedirektøren ser at det er tilhøve knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap og kommunal veg som bør takast omsyn til i konsesjonsvurderingane og vidare planlegging av prosjektet. konsesjonsøknaden har på nokre områder manglande detaljar. Ein detaljplan for utbygginga vil truleg svare ut problemstillingane.

Etter ei samla vurdering meiner Kommunedirektøren at fordelane ved utbygginga er større enn ulempene for lokalsamfunnet, ålmenta og andre samfunnsinteresser og tilrår at Bergselva Bygstad kraft AS får konsesjon etter vassressurslova til å nytte vassfallet i Bergselva for å byggje Bergselva kraftverk.

Førde, den 02.10.2023

Terje Heggheim
kommunedirektør

Jan Inge Hage
kommunalsjef

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Formannskapet 19.10.2023:

Tilleggsframlegg frå Høgre, Sp og Ap, fremja av Anne Lilleaasen (H):

Dersom kommuneveg, parkeringa/innkøyrslø på Sele vert påverka av røyrgata, er det ein føresetnad at dei vert opparbeidd i same stand som før.

Om turparkeringa vert påverka i anleggsperioden, må det sikrast anna parkering i nærleiken.

Tilleggsframlegg frå MDG, SV og V, fremja av Åsmund Berthelsen (SV):

Sunnfjord formannskapet NVE om at det vert gjort ei samla vurdering av utbygging av elvane/vasdraga i området og konsekvensane det vil ha for natur og økosystema, før det vert gjeve konsesjon til utbygging av Bergselva. Det gjeld særleg Selselva og Selsvatnet.

Endringsframlegg (MDG og SV), fremja av Marius Langballe Dalin (MDG):

Første setning i kommunedirektørens framlegg styrkes.

Framlegg om endring av saksgang, fremja av Åsmund Berthelsen (SV):

Saka vert å handsame i kommunestyret.

Avstemming:

MDG og SV sitt framlegg **fall** med 2 (MDG, SV) mot 9 stemmer

H, Sp og Ap sitt tillegg vart **einstemmig vedteke**

MDG, SV og V sitt tillegg **fall** med 3 (MDG, SV og V) mot 8 stemmer.

Kommunedirektøren sitt framlegg **vart vedteke** med 9 mot 2 stemmer (MDG, SV)

SV sitt framlegg **fall** med 2 (SV, MDG) mot 9 stemmer

Åsmund Berthelsen (SV) og Marius Dalin (MDG) leverte inn **mindretalsanke** i samsvar med fellesreglement for folkevalde organ i Sunnfjord kommune. Saka vert difor lagt fram for kommunestyret 26.10.2023 for endeleg avgjerd.

FORM-172/23 Vedtak:

Sunnfjord kommune tilrår at Bergselva Bygstad kraft AS får konsesjon etter vassressurslova til å nytte vassfallet i Bergselva for å byggje Bergselva kraftverk, med følgande tillegg:

- Dersom kommuneveg, parkeringa/innkøyrslø på Sele vert påverka av røyrgata, er det ein føresetnad at dei vert opparbeidd i same stand som før.
- Om turparkeringa vert påverka i anleggsperioden, må det sikrast anna parkering i nærleiken.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing/vurdering og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Kommunen ser at konsesjonssøkanden på nokre områder har manglande detaljar. Vi legg til grunn at ein detaljplan for utbygginga vil gje gode svar. Om konsesjon vert gjeve, skal Sunnfjord kommunen ha detaljplanen til uttale/vurdering.

Vedlegg i saka:

Høringsbrev - Bergselva kraftverk - Bergselva Bygstad kraft AS

Høyring av søknad om å få byggje Bergselva kraftverk i Sunnfjord kommune i Vestland fylke

Søknad konsesjon Bergselva kraftverk

Konsesjonssøknad Bergselva kraftverk - Bygstad rapport om naturmangfald

Søknad konsesjon Bergselva kraftverk vedlegg